

## VAKSINERING FOR SKULE- OG LINJETURAR

Du må prøve å få tatt dei vaksinane du kan heime, før du kjem til skulen – og ikkje ta andre vaksinar enn det som det er behov for. Det blir felles tilbod om vaksine for kolera når du er starta ved skulen.

Her er ei oversikt over kva du treng på dei ulike linjene og for skuletur til Kina:

### **Down Under:**

I utgangspunktet ikkje nødvendig med vaksining. Dersom det er meir enn 10 år sidan sist vaksining, vil du nok også trengje booster-dose difteri + stivkrampe + polio + kikhoste.

### **Fokus: Afrika:**

Tyfoidfieber, gulfeber, hepatitt A og B, meningokokk og kolera\*.

### **Fokus: Latin-Amerika:**

Hepatitt A og B, gulfeber, tyfoidfieber og kolera\*.

### **Friluftsliv Sør-Afrika:**

Hepatitt A og B, tyfoidfieber og kolera\*. Malarone tablettar mot Malaria, men det får du nærmare beskjed om når du startar.

### **Mat med smak av verda:**

Hepatitt A og B, tyfoidfieber og kolera\*. Dersom det er meir enn 10 år sidan sist vaksining, vil du nok også trengje booster-dose difteri + stivkrampe + polio + kikhoste.

### **Digital Workshop:**

Ikkje nødvendig med vaksining, men alle bør vere vaksinert mot difteri, stivkrampe, kikhoste og poliomyelitt. Dersom det er meir enn 10 år sidan sist vaksining, vil du nok også trengje booster-dose difteri + stivkrampe + polio + kikhoste.

### **Kinatur:**

Hepatitt A.

\*koleravaksine er ei drikkevaksine som blir tatt på skulen før reisene.

Vi viser til denne sida for meir informasjon: <https://nhi.no/livsstil/reise/vaksineanbefalinger/>

Finnås, 16. juni 2017

Magne Grøneng Flokenes  
Rektor